

3.4 Prioritert oppfølging av vedtekne planar

Giske kommune har, som alle andre kommunar, vedtekne planar som legg føringar for kva kommunen skal ha fokus på, og kva det skal arbeidast med. Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føring for samfunnsutviklinga. Kommuneplanen sin arealdel blei vedteken i 2018 og legg føringar for arealbruken. Alle planane våre finn du i [Planstrategien](#).

Hovudmål 1: Giske kommune skal vere ein god plass å bu

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme
Kommuneplan-samfunnsdel	Tilrettelegge for bustadutvikling	Reguleringsplanar blir behandla innan frist	I planperioden	Innanfor budsjett
		Byggesaker vert behandla innan frist	Fortløpande	innafor budsjett
	Utvikle infrastruktur i tråd med bustadutviklinga	Kommunal utbygging	Ikkje prioritert i denne planperioden på grunn av den økonomiske situasjonen	Krev investering
		Privat utbygging gjennom bruk av utbyggingsavtale med kommunen	I planperioden	Auka kostnader til drift og vedlikehald etter utbygging
Rullering samfunnsdel	Oppdatere samfunnsplanen for neste planperiode.	Fullføre rullering av samfunnsdel før sommarferien 2022	2022	Innanfor budsjett
Rullering arealdel	Oppdatere arealdelen for neste planperiode.	Vurdere rullering av arealdelen i 2022-23.	2022-23	Innanfor budsjett

Hovudmål 2: Giske kommune skal ha gode levekår

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme
Kommuneplan	Definere kva tenester kommunen skal tilby og nivået på desse	Reduserte kostnader	2022	Innanfor budsjett
		Avklart tenestnivå	2022	Innanfor budsjett
		Avklart ansvarsdeling mellom kommunen og innbygarane, blant annet gjennom å arbeide med serviceerklæringar og med basis i "kommune 3.0-tankegang"	2022	Innanfor budsjett
	Innføre ny struktur innafor oppvekstområdet	Likeverdige tenester for alle brukarar, reduserte kostnader	2022	Med egne ressursar innanfor budsjett
	Utvikle omsorgstenester i tråd med samfunnsutviklinga i samspel med brukarane, pårørande og innbygarane	Tilpassa tenestetilbod til rett kvalitet til den enkelte brukar, reduserte kostnader		Med egne ressursar innanfor budsjett

Hovudmål 3: Giske kommune skal vere ein god næringskommune

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme
Strategisk næringsplan (SNP) 2016-25	Starte utbygging av Gjøvsund nasjonale fiskerihamn	Starte mudringsarbeid	Haut 2021	Stat-/ fylkesfinans
	Legge til rette for næringsutvikling	Samarbeid med næringsaktørar i Giske kommune	2022	Innanfor budsjett
Etablerar-satsing	Fleire etablerarar på kurs	Satsing på hoppid-kontoret	2022	Innanfor budsjett
Landbruk og viltforvaltning	Betre kunnskap om landbruksnæringa i Giske kommune.	Gjennomført synfaringar og gardsbesøk ved behandling av søknader og spørsmål om areal-forvaltning	2022	Innanfor budsjett
	Omorganisere viltområda	Organisert hjortevalda i eit bestandsplan-område	2022	Innanfor budsjett

Hovudmål 4: Giske kommune skal ha eit rikt kulturliv

Plan/Vedtak	Mål	Forventet resultat	Når	Økonomisk ramme
Kommuneplan	Legge til rette for ein berekraftig frivillig sektor som kan samspele med profesjonelle og kommunen		Årleg 2020-23	Innanfor budsjett
	Bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får delta i og vere med på ulike aktivitetar og fritidstilbod	Arrangere UKM	Årleg 2020-23	Innanfor budsjett
	Sikre og merke turstiar frå fjell til fjøre, samt ta vare på kulturminne og kulturmiljø		2023	Innanfor budsjett